



Dei 9 polakkane klare på Rabben til det avanserte fisket

9 polakkar som no bur ei veke på Rabben må kunne kallast avanserte fiskarar. Dei arbeider i fullt dykkarutstyr og er først og fremst ute etter kveite, fortel verten deira Magne Heggøy. Dei kjem frå byen Slupsk som ligg like ved Østersjøen og har den same arbeidsplassen.

Alle er tilsette i fabrikkjen Boniek, som produserar mellom anna vindauge, dører og persiennar og som tydelegvis har vore ei framgangsrik verksemd sidan ho starta for 12 år sidan.

Magne Heggøy fortel at ei gruppe frå Boniek også har vitja Rabben tidlegare. At dei ferierar og fiskar i Uskedalen er reint tilfeldig, Boniek har truleg funne Rabben på nettet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Polakkane har avansert utstyr med seg